



› Pedagogisk rettleiingsteneste

Pedagogisk rettleiingsteneste har ei 100% stilling for å arbeide med kvalitetsutvikling i skulen, innovasjon og oppfølging av driftsoppgåver som verksemdsplan, tverrsektoriell samhandling, skuleleiarmøte og regionsmøte i SR-Oppvekst (Sunnmøre regionsråd, oppvekst). Pedagogisk rettleiar har også ei sentral rolle i arbeidet med å samle oppvekstsektoren om å utvikle ein inkluderande praksis. Kompetansereformen fordrar varige betre praksisar og valgt visjon er "Det var bra eg kom". Arbeidet med Oppvekstreform og Fagfornyng er også fokusområde i pedagogisk rettleiing. Ca 25 % av denne stillinga har i 2022 gått til arbeid med opplæringstilbod til flyktingar.

Stillinga som pedagogisk konsulent i rådmannens stab har stått vakant sidan hausten 2018. Vakansen har særleg fått konsekvensar for kritisk oppfølging for digitalt pedagogisk systemarbeid. Vakansen har gått ut over kapasiteten til å løyse lovpålagde oppgåver, samt å vere ein nødvendig støttefunksjon for skulane. Vakansen har også redusert kapasiteten for lovpålagd tverrfagleg samhandling knytt til m.a kompetansereform, oppvekstreform.